

Festidalen for heile familien

26.07.2009



Sveinung M. Pile og resten av fstidalen-gjengen byr inn til familiefest. (Foto: Anders Totland, innsida)

Under årets utgåve av Festidalen blir det avsett eit eige område der det vil vere fri aldersgrense begge dagar, opplyser festivalsjef Sveinung M. Pile til uskedalen.no.

På grunn av skjenkereglane blir det ikkje seld alkohol på dette området, men elles vil dette ha alle nødvendige fasilitetar.

-Kvífor dette tiltaket, Pile?

- Vi gjer dette for å møta eit publikumsynskje som spesielt har komme fram etter at vi fekk Åge Aleksandersen på programmet.

Vi håpar og trur at dette kjem til å bli eit populært tiltak, der heile familien kan besøke oss og få ei god festivaloppleving.

Vi ber om at publikum syner forståing for dei ekstra kontrolltiltaka dette medfører. Barn under 12 år kjem inn gratis i følge med foreldre, opplyser Pile.